

# MAGNUS DAGESTAD-JUBILEUM

Informasjon om planane for jubileumshelga

Eirik Helleve, 31.3.2016

## Magnus Dagestad

Magnus Dagestad (1865–1957) var kunsthandverkar og skulemann. Han gjekk i treskjerarlære hjå Lars Kinsarvik, og levde som treskjerar i Bergen, der han arbeidde i nært samarbeid med den fyrste kona si, rosemålar Helena Bu. Dei flytta til Voss rett etter hundreårsskiftet, og her vart han skulemann. Lengst tid arbeidde han som styrar og lærar ved Norsk Kunsthandverksskule – han grunnla skulen i 1920, og arbeidde der han til gjekk av med pensjon i 1935.

Dagestad var ein sær sars fargerik og allsidig kunstnar og kulturperson som sette sitt preg på både det lokale og nasjonale kunstmiljøet i tiåra rundt hundreårsskiftet. Han utvikla sin eigen variant av drakestilen. Han teikna ungdomshus over heile Vestlandet, måla sceneteppe til ungdomshus, laga feler og skreiv artiklar om bygdekunst og folkemusikk. I tillegg var han teiknar, forfattar og spelemann.

Forutan prisar og premiar i treskjerarkunst fekk han Det Kongelige Selskap for Norges Vels medalje og Kongens fortjenestmedalje i gull. På ei utstilling i Paris i 1889 fekk han bronsemedalje for møblar i treskurd. Han stilte også ut nokre utskorne gjenstandar i den norske avdelinga på verdsutstillinga i Chicago i 1893. Dagestad var ein miljøskapar for kunstnarar i heile Vossaregionen, og takka vere han vart nokre av dei største monumenta på Voss reiste tidleg på 1900-talet, «Ola Mosafinn og Ridande Vossabrudlaup» i 1921 og «Bergsli-monumentet» i Bergsliparken i 1928.

## Program

Gjennom heile helga vert det ei lita Dagestad-utstilling i Voss bokhandel.

### Fredag 15. april

#### 18–24: Dagestad og ungdomslaget, Voss Ungdomshall

Utstilling og kafé. Dans frå kl 20, musikk av 3 Små Vestlendingar og Toradane til Voss

Ungdomslag.

### Laurdag 16. april

#### 10–16: Møte med Magnus, Seminar, Voss folkemuseum

Magna Dagestad Hatlebakk: Minne om far

Odmund Hus: Inspirasjonen frå Hardanger

Ole Didrik Lærum: Kunstaren Magnus

Sigvald Rørlien og Leif Rygg: Felemakaren og musikaren

Kjartan Rødland: Dagestadmuseet

#### 19–23: Festsamkome, Dagestadmuseet

Festmiddag for innbodne gjester

## **Laurdag 16. april**

### **11–13: Vandring i Bergsliløypa**

Oppmøte ved «Ridande vossabrudlaup». På veg til Dagestadmuseet vert det stopp ved Bergsliparken, Ungdomshallen, Prestegarden, Bergslitræet og Norsk kunsthåndverksskule. Alle desse stadene kan knytast til Magnus Dagestad, og under vandringa vert det lagt mest vekt på dette, og mindre på korleis stadene kan knytast til Bergsli-kunstnarane. Turleiar Laila Rynning Veum.

### **12–17 Ope hus, Dagestadmuseet «Open dag» på museet**

For fyrste gong på fleire år vert det høve til å sjå Dagestadmuseet. Her vert det ulike kulturinnslag:

Kl 14: Foredrag om «Drakestilen» og møblane til MD ved Jan Kokkin

Med jamne mellomrom: Konsertar v/Voss Spelemannslag

Kafé og omvising heile dagen.

### **Jubileumsnemnda**

Ei nemnd har arbeidd med jubileumshelga sidan hausten 2015. Med i nemnda er Brita Dagestad Bjørke, Eirik Helleve, Valborg Kløve-Graue, Matias Ringheim, Leif Rygg og Laila Rynning Veum.